

Fra: Per Inge Naterstad[per.inge.naterstad@kvinnherad.kommune.no]  
Mottatt: 26.05.2026 10:14:24  
Til: Karoline Eide Holmedal[karoline.eide.holmedal@kvinnherad.kommune.no]  
Tittel: VS: Oppsummering Sæbøvikvegen

---

TO

---

**Fra:** Bjørn Skorpa Eikeland <Bjorn.Skorpa.Eikeland@vlfk.no>  
**Sendt:** onsdag 29. april 2026 13:31  
**Til:** Per Inge Naterstad <per.inge.naterstad@kvinnherad.kommune.no>; Sigbjørn Øye <sigbjorn.oye@kvinnherad.kommune.no>  
**Kopi:** Vegard Bjørnevik <vegard.bjornevik@kvinnherad.kommune.no>; Eva Sundal <Eva.Sundal@vlfk.no>; guri.finne.sognaes@vlfk.no  
**Emne:** Sv: Oppsummering Sæbøvikvegen

Hei

Me har hatt ein runde med drøfting av denne saka internt. Dei føreslådde avbøtande tiltaka kan nok gje positive effektar, men me finn ikkje at dette i vesentleg grad endrar vår vurdering av situasjonen og saka.

Når det gjeld trafikkikkerheitstiltak på fylkesvegar i Kvinnherad og Vestland elles, så bør ei rein fagleg vurdering ligge til grunn for prioritering av desse.

Tiltakshavar står jo fritt til å søke igjen, men me vil tilrå at ei då gjer ei vurdering av å legge uteserveringa til andre sida av bygget.

Med helsing

**Bjørn Skorpa Eikeland**  
Seniorrådgjevar

Vegforvaltning Vestland

avdeling for infrastruktur og veg



tlf.: 472 48 274  
[www.vestlandfylke.no](http://www.vestlandfylke.no)

*Ver merksam på at all dialog på e-post kan bli journalført.*

Tiltakshavar står jo sjølvsagt fritt til å søke igjen, men me vil tilrå at ein plasserar uteservering på andre sida av bygget.

---

**Fra:** Per Inge Naterstad <[per.inge.naterstad@kvinnherad.kommune.no](mailto:per.inge.naterstad@kvinnherad.kommune.no)>

**Sendt:** fredag, 17. april 2026 13:13

**Til:** Sigbjørn Øye <[sigbjorn.oye@kvinnherad.kommune.no](mailto:sigbjorn.oye@kvinnherad.kommune.no)>; Bjørn Skorpa Eikeland <[Bjorn.Skorpa.Eikeland@vlfk.no](mailto:Bjorn.Skorpa.Eikeland@vlfk.no)>; [guri.finne.sognaes@vlfk.no](mailto:guri.finne.sognaes@vlfk.no)

**Kopi:** Vegard Bjørnevik <[vegard.bjornevik@kvinnherad.kommune.no](mailto:vegard.bjornevik@kvinnherad.kommune.no)>

**Emne:** Oppsummering Sæbøvikvegen

You don't often get email from [per.inge.naterstad@kvinnherad.kommune.no](mailto:per.inge.naterstad@kvinnherad.kommune.no). [Learn why this is important](#)

Hei!

Me visar til møte torsdag 16.04 vedrørende Sæbøvikvegen 153 og ynskja for uteservering.

Etter ynskje frå administrasjonen er vi bedne om å sjå om det kan gjerast avbøtande tiltak på trafikktryggleik og eventuelt planlagd løysing på uteservering for å kunna få dette til.

Det som vi ynskjer er ei avklaring på om det er grunnlag for søkjar å tenkja på å fremma ein ny søknad men med avbøtande tiltak for å imøtekomma dei argumenta som er gitt.

Sæbøvikvegen ligg som kjent i «utkanten» av Sæbøvik sentrum og ein del av argumentasjonen i avslaget på søknaden er grunngeve med att trafikkantane på fylkesvegen ikkje forventar å treffa mjuke trafikantar i vegområdet på strekkja. Fartsnivået på vegen vert også karakterisert som høgt i forhold til skilta fart på 40km/t . Kommunen vil påpeika att tiltaket ligg rett ved ungdomskule og nærleik til idrettsanlegg slik att fartsregulerande tiltak bør stå på ynskjelista uavhengig av detta.

I møtet drøfta vi ulike tiltak/forslag som de skulle drøfta internt. Vi har vist nokre av desse tiltaka og andre på utklypp under som vi tenkjer kan vera avbøtande.

I tillegg spela vi inn om det kan gjerast tiltak med sjølve løysinga på uteserveringa som td. kun utgang frå sjølve resturangen, slik att ein må gå inn via lokalet for å komma ut på terrassen.

Kan farga glas ha avbøtande effekt for å hindra innsyn og ta merksemda vekk frå andre på utsida?



Med helsing

**Per Inge Naterstad** | *Prosjektingeniør – Prosjekt og utbygging*

Mobil: +47 41 24 18 90 | Tlf: 53 48 31 00

[[www.kvinnherad.kommune.no](http://www.kvinnherad.kommune.no)] [www.kvinnherad.kommune.no](http://www.kvinnherad.kommune.no) |



KVINNHERAD  
KOMMUNE

*Tenk miljø før du skriv ut!*